

Dette meldingsbladet blir skrive i ein periode prega av stor uvisse og uro for framtida. I Norsk-estisk kulturlag vel me å halda fram med å byggja på dei positive kreftene og arbeida vidare så lenge det er råd.

Samtidig er dette eit førevarsel om årsmøtet for 1991 som skal haldast 11. april klokka 18.00 i Oslo. Sakliste etc. blir utsend seinare.

Det er vedlagt innbetalingskort for medlemskontingent, kr 100. Alle gåver i tillegg til medlemspengane er hjarteleg velkomne, og derfor sender me kort til alle, sjølv om nye medlemmer som betalte på slutten av fjoråret (frå midten av november), fekk vita at det ville bli rekna som årspengar for 1991.

ÅRSMØTET FOR 1990 vart halde på Blindern 27. september. Her kjem det ein svært forseinka og kortfatta rapport derifrå. Kortfatta fordi medlemsbrevane heile tida fortel om verksemda.

Medrekna gjester frå Estland (Elvi Lumet, Hilve Rebane og Evi Hiob), frå Kulturlaget Norge-Latvija og Det estiske selskap i Norge (ei forening for estarar) var det 25 framømte. Kulturlaget hadde på tida for årsmøtet godt og vel seksti medlemmer. Sidan føregåande årsmøte hadde det vore fem utsendingar til medlemmene; ei av desse var i juli i samarbeid med den estiske avisa The Estonian Independent.

Professor Terje Mathiassen og amanuensis Ole Michael Selberg, som begge nesten utan avbrot har site i styret sidan skipingsmøtet 26.6.1984, drog seg no ut fordi dei har så mange arbeidsoppgåver at dei tykte det vart for lite tid til estiske saker. Kulturlaget takkar begge to for innsatsen. Særleg har Mathiassen spela ei viktig rolle i soga vår ettersom han har fungert som leiar mesteparten av tida. For ei kortare tid fungerte professor Jan Ivar Bjørnflaten som leiar.

Eit nytt styre vart utpekt: Jan Aske Børresen, Per Martin Tvengsberg, Tuula Eskeland, Heidi Løvlund og Turid Færbregd. Dette vart sett som på som eit interimsstyre til neste årsmøte då ein kan gjennomføra vedtektsendringar og gi årsmøtet høve til å velja styre.

Eit hovudpunkt på møteprogrammet vart drøftingane av vedtektene. Dei gamle gir årsmøtet svært lite makt, og det var semje om å endra fleire paragrafar så dei skulle bli meir tidhøvelege.

Økonomien var tilfredsstillande for så vidt som me prinsipielt ikkje lever over evne og jamvel har kunna auka Norsk-estisk kulturfond. Dei største utgiftspostane var stipend til to estiske Undset-ekspertar for to vekers opphald i Oslo: kr 5.000; støtte til ei skuleklasse frå Rapla som deltok på barnekongress i Hurdal i mai: kr 3.000; utgifter i samband med dei estiske elevane på norske folkehøgskular: førebels kr 5.350. Dei viktigaste innkomene var medlemspengar ca. 6.000, sal av grafikk og tidsskrift ca. 15.000 og støtte på kr 10.000 frå

Utanriksdepartementet (om bruken av desse midla, sjå nedanfor).

Men verksemda i 1991 vil koma til å kosta atskilleg om me skal få realisert planane som mellom anna går ut på å skaffa fleire folkehøgskuleplassar. Hittil har me spart mykje pengar ved at estarane ofte for rublar har kunna kjøpa billetter til Noreg. Om dette vil vara ved, er vanskeleg å seia. For tida er det fem estiske elevar på norske folkehøgskular; fire av dei er komne via oss, og ein ved hjelp av kristne organisasjonar. Målet for 1991 er å få 12-15 plassar. Då vil me også arrangera eit innføringskurs for dei i Estland; det skal m.a. omfatta norsk språk og generelle ting om norske forhold.

AKTIVT STYRE. Etter årsmøtet er det halde tre styremøte (8.10., 17.12., 5.1.) og fleire telefonkonferansar med livleg planlegging av ymse slag verksemd. **Jan Aske Børresen** planla og sende ut ei oppmoding til medlemmene om å bli aktivt med i arbeidet ved å gå inn i arbeidsgrupper. Diverre har hans eigen arbeidssituasjon forandra seg slik at han ikkje har høve til å fungera lenger i styret og kanskje heller ikkje følgja opp prosjektet sitt. Han blir supplert av **Enel Melberg**. Adresser til styret er å finna på siste side.

Skrivaren i kulturlaget har gjennom alle år stort sett betalt driftsutgiftene for laget. Det har ho dessverre ikkje økonomisk høve til no lenger ettersom ho har permisjon i 1991.

SKAL ESTLAND OVERLATAST TIL FINLAND?

Det spørsmålet måtte me stilla oss etter mange teikn på at det er ein tendens til å sjå det slik at Finland har kort veg og er den næraste til å støtta Estland. Dei andre nordiske landa skulle dermed i Baltikum konsentrera seg om Latvia og Litauen.

Norsk-estisk kulturlag har eit stort ansvar når det gjeld å utvikla og halda oppe alle slag samband mellom Noreg og Estland. Derfor sende kulturlaget skrivaren sin til Tallinn 19. og 20. oktober til drøftingar med ministrar, rektorar og andre personar som er sentrale på det feltet der me som kulturlag arbeider.

Denne reisa vart dokumentert i ein tettskriven rapport på 11 sider som m.a. vart sendt ut til undervisnings-, utdannings-, kultur- og utanriksministrane i Noreg og Estland, til stortingsrepresentant Johan C. Løken, sekretariatsleiar Kjell Myhre-Jensen, presidiesekretær Jostein Osnes, ambassadør Kjell Rasmussen i Helsingfors, førstekonsulent Tore Hennum Jacobsen i Kulturdepartementet, Nordisk språksekretariat, Nordisk språk- og informasjonssenter, Nordens folklige akademi i Kungälv, Estisk institutt i Tallinn, generalsekretær Harald Løvaas i Foreninga Norden, Vennskapsforeninga i Tallinn, rektor Jaak Kangilaski ved kunsthøgskulen i Tallinn, dekanus Jüri Valge ved universitetet i Tartu, prorektor Mait Arvisto ved Lærarhøgskulen i Tallinn, Levanger lærarhøgskule, rektor Nils Kolstad ved Norges Landbrukshøgskule, rektor Lars Bjaadal ved Seljord folkehøgskule, Estlandsforeninga i Rogaland, professor Svein Mønnesland, professor Jan Ivar Bjørnflaten, professor Terje Mathiasen, informasjonssjef Tone Mørkved ved informasjonskontoret for folkehøgskolen, og mange, mange fleire. Lista gir truleg ei viss aning om dei kontaktane kulturlaget har bygt opp. Medlemmer som er spesielt interesserte, kan skriva til Turid Farbrege og be om "Den blå rapporten". Men eigenleg er rapporten alt gammal fordi det har skjedd så mykje sidan.

TAKK TIL UD. Løyvinga på kr 10.000 frå Utanriksdepartementet er nytta på ei vis som har gitt stor effekt. Det første me ordna,

var ein invitasjon til **Toomas Help** frå Estisk institutt i Tallinn. Han var i Oslo og Stavanger 25.11.-1.12. (sjå midtoppslaget som er saksa frå Aftenposten 10.12.) og sende ein gedigen rapport om alt han hadde utretta på dei dagane. Lokalt samarbeidde kulturlaget i Oslo med generalsekretær (og no kulturlagsmedlem) **Harald Løvaas** i Foreninga Norden og i Stavanger med Willy Jensen, leiar for Estlandsforeninga i Rogaland.

Som ei oppfølging av dette støtta me reisa for Harald Løvaas til Tallinn 1.12.-4.12. Her braut me for ein gongs skuld mot våre eigne strenge prinsipp som går ut på at me ikkje betaler for nordmenn. Men reisa gav slike resultat at det er ingen tvil om at det var ei rett investering til rett tid.

Det neste var ei ny vitjing av Toomas Help i Oslo, m.a. til ein konferanse (reiseutgiftene frå Tallinn delte mellom oss og Nordisk lektoratsamarbeid) der også **Kaja Tael** deltok med reisa Uppsala-Oslo dekt av kulturlaget. Kaja Tael var i Oslo ei snau veke, og i tillegg til å vera med på ein nordisk lektorkonferanse, hadde ho viktige samtalar med fleire personar innan undervisning og administrasjon.

Sjølv om me opererer på minimumslina med privat innkvartering, apex-billetter osv., er det klart at når me er komne så langt, er pengane frå UD slutt. Men kulturlaget har halde fram på same lina og vonar at også støtta vil halda fram. Kunsthistorikaren **Leila Anupöld** er i Oslo i tida 7.-15.1.91 der ho set seg inn i moderne norsk kunst. Det emnet kjem ho til å skriva om i estiske blad og tidsskrift.

NOREG I ESTISKE MEDIA. All verksemda i dei norsk-estiske kontaktane er tydeleg å merka i estiske blad og i radioen. Elvi Lumet rapporterer jamt om halvtimelange intervju med nordmenn (f.eks. med Harald Løvaas) og om artiklar som har norsk emne. Etter stipendopphaldet i Noreg i september/oktober har ho sjølv snakka både i radio og fjernsyn og har skriva fleire artiklar. I eit brev datert 10. desember har Elvi Lumet ei heil side med opprekning berre av det ho og Hilve Rebane har gjort av norske ting etter heimkoma i oktober. Sistnemnde har skriva fleire artiklar og halde foredrag i ymse fora.

Norsk-estisk kulturlag er imponert over alt dei to rakk å få med seg på dei to vekene i Noreg.

EKSPLOSJON I MEDLEMSTALET. Etter årsmøtet i slutten av september 1990 har det vore ein veldig auke i medlemstalet slik at me ved årsskiftet nærmar oss 110! Samtidig har Estlandsforeninga i Rogaland kome opp i om lag 65, og det samanlagde talet er ganske imponerende. Det er heller ikkje noka tilsinking å rekna dei to foreningane saman, for me har eit nært samarbeid, noko som mellom anna går fram av andre punkt i dette meldingsbladet. Men me set ikkje krav om medlemskap om nokon er interessert i Estland, og denne bulletinen blir i første omgang kopierte i eit opplag på 220. Det viser seg ofte at når folk får augene opp for aktiviteten kring kulturlaget, melder dei seg gjerne inn.

Medlemmene våre er spreidde over heile Noreg, frå Alta i nord til Kristiansand i sør. No har me også forgreina oss til dei andre nordiske landa. Det kan vera svært nyttig viste det seg i sommar då Kjell Lars Berge i Stockholm var i hamna og tok imot estiske barn på veg til Hurdal.

KAN DU HJELPA TIL MED PRAKTISKE TING I SAMBAND MED BESØK FRÅ ESTLAND? Særleg er det aktuelt i Oslo der me treng folk som kan møta på Fornebu eller på Sentralstasjonen - eller kanskje kjøra

estarer til flyplassen eller stasjonen når dei skal reisa igjen. Og har du til og med ei ekstra seng og litt mat for ein estar på gjennomreise? Ta kontakt med kulturlaget same kvar du bur og sei at du gjerne hjelper til.

SUVERENITET. Den 16. november 1988 gjorde Estland eit ganske oppsiktsvekkjande vedtak som gjekk ut på at estiske lover skulle gjelda framfor dei sovjetiske. Moskva svarte med å erklæra det estiske vedtaket ulovleg og ugyldig. Men så rasande fort går utviklinga at sidan har alle dei andre sovjetrepublikkane også vedteke same slag lover.

RØR DEG FRITT! Frå og med 1. desember 1990 kan utlendingar med visum til Estland reisa fritt omkring i alle delar av landet (utanom byen Paldiski på nordkysten som er sovjetisk marinebase). Det er heller ikkje nødvendig å registrera seg når ein kjem til landet.

NORDISKE INFORMASJONSKONTOR I BALTIKUM. Nordisk ministerråd har 9. oktober i år gjort vedtak om å oppretta felles nordiske informasjonskontor i dei baltiske hovudstadene Tallinn, Riga og Vilnius. På same måten vart eit baltisk informasjonskontor opna i København 20. desember 1990 med dei baltiske og dei nordiske utanriksministrane til stades. Desse kontora må ein sjå som eit første steg i retning av diplomatisk representasjon. Kontora skal først og fremst ta seg av kulturkontaktar, men vil også formidla sosial og forretningsmessig kontakt. Det er meininga at kontora i Baltikum skal koma i gang ganske snart i 1991. Me vonar at kontoret i Estland må få ein norsk sjef.

ESTLAND HØYRER MED TIL NORDEN. Vil du ha fleire bevis på det? Undervisningsminister Rein Loik vil innføra norsk som første framande språk i ein estisk grunnskule.

Frå hausten 1990 har dei ein skule med svensk. I Tallinn blir det starta eit nordisk gymnas hausten 1991. Dei som går ut derifrå, skal ha allmenn nordisk orientering og kunna snakka og skriva eitt av dei nordiske språka - til dømes norsk.

Universitetet i Tartu har oppretta stilling for lektor i norsk som kan tiltre i morgon den dag. Adressa til lektoratet er Põhjamaade keelte ja kultuuri keskus, Jakobi tänav 2, 202400 Tartu, Estland. Norsk-estisk kulturlag har alt sendt dei første bokgåvene dit som ei lita byrjing på biblioteket. Om du vil hjelpa til med å byggja opp ei boksamling for norskstudenter i Tartu, kan du ta kontakt med kulturlaget for å drøfta kva som er høvelege bøker og korleis me på beste måte kan senda dei.

Ikkje berre universitetet, men også grunnskulen og gymnaset treng lærarar og undervisningsmateriale. Har du idear med omsyn til korleis dette kan skaffast? Ta kontakt!

KURS I NORSK I TALLINN. Ekteparet Berit og Ivar Otto Iversen frå Ski er i gang med eit fantastisk prosjekt i Tallinn. Dei held kurs i norsk for om lag 40 ivrige elevar i varierende alder. Første del var eit intensivkurs på tre veker i november 1990. Så skal elevane arbeida på eiga hand i grupper fram til mars 1991 då dei to lærarane held kurs i to veker. Etter ein ny periode med gruppearbeid avsluttar lærarane med to veker i mai.

Utanriksdepartementet har skjont kor viktig prosjektet er og har lovd å dekkja utgiftene til undervisningsmateriale o.l. Arbeidsløn betaler ingen, men i Tallinn har lærarane heldigvis gratis opphald for umaken. Den praktiske tilrettelegginga av kurset er der ved den norske avdelinga av

Vennskapsforeninga. Norge-estaren Enn Anderson på Kolbotn hjelper til som mellommann for kontaktane med Iversen.

Første del av kurset vart avslutta med ein fin fest 23. november. Der var det forbudt med andre språk enn norsk og estisk. Utanom lærarane og elevane frå kurset var det ein del inviterte personar til stades, mellom dei Turid Farbrege, skriar i Norsk-estisk kulturlag. Det var ein ugløymeleg kveld! Takk og ære til Berit og Ivar Otto Iversen for innsatsen deira i utbygginga av samkvem mellom dei to folka våre!

På festen var også Matti Sormul frå Ski, som har starta eit norsk-estisk "kulturfirma". Det kan koma mykje godt av det også, vonar me. Mange interessante ting skjer for tida. Me ønskjer både Matti Sormul og Dag Otto Iversen hjarteleg velkomne som medlemmer i kulturlaget.

Folk i Follo-området, og særleg på Ski, er svært aktive når det gjeld å byggja kontaktar med Estland. M.a. har dei to rektorane Marit Rismyr og Jon Henden engasjert seg i oppretting av vennskapssamband mellom skular og førebuing av skuleturar.

Ants Sormul frå Steinkjer held norskurs ved Viimsi ungdomsskule med eit liknande opplegg som ekteparet Iversen nyttar i Tallinn. Engelsklærer **Meedi Neeme** ved denne skulen har utarbeidd ein plan med det målet å plassera estiske skuleelevar i norske gymnasklasser. Snart byrjar me å etterlysa interesserte mottakar-familiar rundt omkring i Noreg. Kulturlagsmedlem **Ferdinand Otto Kaltenborn** såg mykje godt i planen til Meedi Neeme og vil gjerne gjera bruk av kontaktnettet sitt for at eit slikt program skal kunna realiserast. Me ventar på å få planen i engelsk omsetjing slik at han blir tilgjengeleg for fleire i Noreg.

FORENINGA NORDEN I NOREG engasjerer seg sterkt for Baltikum. Ganske mange av dei planane og prosjekta Norsk-estisk kulturlag har, er det meininga å gjennomføra i samarbeid med Foreninga Norden og generalsekretær **Harald Løvaas**.

MEDLEMSREISE TIL ESTLAND sommaren 1991 er eit fellesprosjekt med Foreninga Norden. Tanken er å dra med buss gjennom Sverige og så med båt over til Estland. Me tek sikte på privat innkvartering i Tallinn. Meir detaljert informasjon blir sendt ut seinare, men du kan gjerna melde deg som interessert alt no.

INNFORINGSKURS. Kulturlaget vil sommaren 1991 arrangera eit innføringskurs i Estland for estiske elevar som skal til norske folkehøgskular neste skuleår. Det er meininga å leggja kurset til ei tid då norske lærarar har ferie - i von om at me skal finna folk som kan halda kurset utan anna godtgjering enn opphaldet. Har du som les dette høve til å vera med? Ta kontakt med styret!

ESTLANDSFORENINGA I ROGALAND fekk ei viktig vitamininnsprøyting då kulturlaget sende Toomas Help til Stavanger i november. Det viktigaste prosjektet han hadde i stresskofferten var planane om nordisk gymnas. Ein delegasjon med fylkesskulesjef Ommund Torgersen i spissen skal til Estland i februar for å sjå kva Rogaland meir konkret kan gjera i gymnas-samanheng.

Eit sendelag sett saman av jordbruksutdannings- og bondeorganisasjonsfolk frå Rogaland skal av garde i slutten av januar. Dei skal oppretta kontakt med estiske jordbruksskular og bondeorganisasjonar. Kanskje kjem det estarar til Øksnevad frå hausten 1991? I alle fall stiller rektor **Arne Dragsund** seg svært positiv til den tanken.

Aktiv medlem i rogalandsforeninga, **Inger Marie Waage**, vende seg til Aschehoug med bøn om lærebøker til Estland. Resultatet vart 16.500 lærebøker i engelsk og tysk. Inger Marie Waage har tenkt seg til Estland for å overlevere sendinga. Rektor **Ingrid Riis** ved Austbø skule vil finna ein vennskapsskule i Tallinn og planlegg utveksling mellom dei to skulane.

AKTIVITET I BERGEN. Etter at festspela i Bergen hadde deltakarar frå Estland 1987 har det vore ein del kontakt. Særleg har folk på Sotra vist stor aktivitet, og dei står stadig på med besøk og invitasjonar. Spesielt har dei fått gode venner i ei dansegruppe som heiter **Kaimud**. **Anne-Sofie** og **Tom Matre** sparer seg ikkje når dei kan hjelpa ein estar.

TONSTAD i Vest-Agder er også eit sentrum for estisk aktivitet. Kulturlagsmedlem **Steinar Tjømli** har sendt oss ei lang liste med spørsmål om praktiske saker i samband med ei planlagt reise for 40 personar til Tallinn våren 1991. Deira venner er knytta til Linnamuusikud og Vanalinna Muusikamaja (Bymusikantane og Gamlebyen Musikkhus).

"KRETSLEIR ESTLAND 1991" står det på brevpapiret til ein flokk ivrige speidarleiarar som høyrer til Oslo Nordmarka Krets av NSF. Dei har ein spennande plan om norsk leir i nærleiken av Tallinn og har tenkt seg at det frå norsk side skulle vera med 400-600 speidarar. **Hilde Berntsen**, **Inge Brochmann**, **Bjørn Eriksen** og **Audun Rundhovde** var første veka i november i Estland for å treffa estiske speidarleiarar og setja seg inn i praktiske forhold.

KVA MED RESTEN AV ESTLAND? Svært ofte blir Tallinn nemnd. Det er hovudstaden, der er det flyplass, der er hamna for ferjesamband med utlandet. Men nordmennene må etter kvart trengja djupare inn i landet. Til universitetsbyen Tartu, til badebyen Pärnu, til landsbygda, skogane, myrane, naturparkane osv. osv. Estland er uendeleg mykje meir enn Tallinn. Me høyrer gjerne frå folk som har vore andre stader.

ESTLANDS HISTORIE fortald ved hjelp av frimerke? Ja, det går an viser samlinga til **Christoffer Kahrs** som var utstilt ei kort tid i Oslo i november. 5-6000 menneske var innom, og utstillinga vart omtalt både i avisene og i radioen (Østlandssendinga).

ESTLAND EKSTRA står det med store bokstavar på framsida av bladet **Gard** i mellom. Det er ei partipolitisk uavhengig avis for Seljord Folkehøgskule. På estlandssidene er det mellom anna eit interessant intervju med dei to estiske elevane, **Mari Jüssi** og **Liina Viires** som dette året går der.

BENSINEN har lenge vore eit problem i Estland. I sommar fekk kvar bileigar 20 liter månaden. I august var forsyninga betre, og kvoten vart sett opp til 40 liter; som så i september auka til 50 liter med oktantal 76 - utan omsyn til at 83 % av bilane går på 93 oktan. (Eesti Päävaleht 14.9.90). I oktober var kvoten 60 liter, og dei siste månadene av 1990 var forsyninga nokså stabil. Den som betaler med valuta, kan få så mykje bensin han vil, også blyfri.

PRISSTIGING. Måndag 15. oktober vart prisane sette opp på ein

del matvarer i Estland. Smøret steig frå 3,40 til 7 rublar kiloet, brødet frå 32 til 76 kopek per stykke osv. Bak dette er det ei avgjerd om å slutta med subsidiering av brød, kjøt og meieriprodukt. Den vakre delen av tanken går ut på at med slike prisar vil produksjonen auka slik at det blir nok av desse varene, og at dei høge prisane dessutan vil hindra hamstring. Det er eit stort problem at varene forsvinn over grensene i eit botnlaust sluk inn i Russland. Det blir hardt for pensjonistar og barnefamiljar å greia prisstiging, så det blir prøvd å auka pensjonar og barnetrygd. Sidan har prisane stige meir.

PORTOTAKSTEN for innanlands post vart frå årsskiftet tredobla og er no 15 kopek for eit vanleg brev.

DEN EUROPEISKE UNIONEN AV KONSERVATIVE PARTI hadde møte i Helsingfors i slutten av august. Dei baltiske partia er ikkje aksepterte som medlemmer der heller, men hadde fem observatørar. Dei fleste estaraane vil at Estland skal bli eit sjølvstendig land, og minister **Endel Lippmaa** kommenterte oppfordringa Estland har fått frå dei vestlege landa om å finna ei løysing gjennom forhandlingar med Moskva. Etter hans meining er det som å oppfordra Kuwait til å forhandla om sin posisjon med Bagdad.

ESTISKE POLITISKE PARTI av ulike fargar har oppretta kontaktar med systerparti i andre land.

Dei tre **SOSIALDEMOKRATISKE PARTIA** i Estland gjekk saman i september med Marju Lauristin som leiar, og alt i oktober vart det nye partiet akseptert som medlem av den internasjonale sosialdemokratiske organisasjonen på rådsmøtet som vart halde i New York. Thorbjørn Jagland er leiar for den nemnda som vurderer søkjarar.

FASTSETJING AV GRENSENE. Avtalen om tysk gjenforening som vart underskriven i Moskva i september, gjorde baltarane urolege. Det står nemleg i avtalen at grensene no er fastsette. I Noreg og mange andre stader er det oppfatta som dei tyske grensene, men om ein studerer teksten, kan ein også lesa han slik at Sovjets grenser er fastsette. Med andre ord skulle dokumentet vera ein stormaktsavtale om at Sovjet får ha Baltikum. Moskva og Estland hadde alt innleidd forhandlingar om forholdet sitt, men Moskva avbraut forhandlingane like før den tyske avtalen vart underskriven. Den estiske utanriksministeren, **forfattaren Lennart Meri**, fekk forsikringar frå Washington om at USA ikkje såg det slik at den tysk-sovjetiske avtalen var i strid med det baltiske sjølvstendestrevet.

LAUST OG FAST

I slutten av august var ein britisk parlamentarikardelegasjon på besøk i Estland. Tidlegare utanriksminister **David Owen** meinte at dei nordiske landa er i ein nøkkelposisjon når det gjeld framtida til dei baltiske landa. At Estland, Latvia og Litauen blir godkjende av Finland, Sverige, Noreg og Danmark og tekne opp i det nordiske samarbeidet, vil gjera baltisk sjølvstende meir akseptabelt for Moskva enn om dei vestlege stormaktene skulle vera dei første til å godkjenna dei tre.

Den estiske forskaren **Evi Hiob** arbeider for tida ved Norges Landbrukshøgskole med eit prosjekt om foring av kyr. Inspirert av henne vil ei gruppe på 25 studentar og lærarar frå NLH dra til Tartu i mai og sjå på estisk jordbruk og husdyrhald.

Nordisk gymnas i Estland

Aftenposten

10.12.1990

MARGRETHE SOLØY
KNUT S. VINDFALLET
(foto)

– Vi vil være en del av Norden og Europa. Nå er tiden inne for å handle, vi må bygge opp et demokratisk samfunn. Vi ønsker å satse på ungdommen, og vil opprette et nordisk gymnas i Estlands hovedstad Tallinn.

Den estiske sprogforskeren Toomas Help har nylig besøkt Norge på invitasjon fra Norsk-estiske kulturlag i Oslo. Bare 29 år gammel behersker han åtte språk, de fleste flytende. Han er en glimrende ambassadør for sitt land, og har knyttet forbindelser mellom estiske og norske myndigheter, utdannelses- og forskningsmiljøer.

– Vi føler oss i slekt med Norden og vil styrke båndene mellom oss. Interessen for nordiske språk og samfunnsforhold er enorm i Estland, derfor oppretter vi et fire-årig nordisk gymnas. Undervisningsministeriet har allerede avsatt plass til skolen i en av de fornemste, gamle bygningene vi har, sier Help.

Elevene vil kunne velge mellom tre linjer: norsk, svensk og dansk. Finsk skal være obligatorisk for alle. Den norske linjen får navnet Sankt Olavslinjen.

– Det blir undervisning i mer enn språk, vårt ønske er å



Toomas Help (til høyre) blir ønsket velkommen til Stavanger av Willy Jensen, formann i Estlandsforeringen i Rogaland.

gi overblikk over mange aspekter i nordiske samfunn: Kultur, miljøspørsmål og samfunnsorientering. Hvordan fungerer et demokrati, hva vil det si å gjøre kompromisser? Hvordan forstår nordboerne sin rolle i det omstrukturerte Europa. Slike sentrale emner vil skolen ta opp. Gjennom undervisningen får elevene en nordisk bakgrunn som også gjør dem bedre istand til å agere i nordisk sammenheng. De nordiske land har vist størst interesse for Baltikum, dette initiativet vil vi møte, og skolen er et svar på det, fremholder Toomas Help.

Arbeidet med det nordiske gymnaset blir tatt opp i Nordisk Ministerråd. Det må en

samfunnsfinansiering til for å få realisert skolen, den har håp om å komme i gang allerede i 1991.

– Estlands undervisning er i en tragisk situasjon, vi mangler alt; papir, kritt, tavler. Dårlig økonomi truer skolene. Likevel, vi har godt utdannede mennesker, men vi savner sivile strukturer og organisasjoner som bygger på samarbeide, strukturer vi kan stole på. De vi hadde, ble avskaffet – vi må bygge opp nye. I mange år var det bare venner og slektninger vi kunne ha tillit til.

Norge et ideal

Toomas Help fremhever Norge som et ideal og en støt-

te, og roser norsk utenrikspolitikk i forhold til Baltikum. At Norge aldri aksepterte Sovjets annektering av Estland, blir ikke glemt.

– Den store interessen for Norge ble illustrert da det for noen år siden kom ut en bok om landet. Politikk, kultur, økonomi og historie ble presentert i boken. Opplaget på 65 000 bøker ble revet bort på et par dager, alle ville lese om Norge, og boken ble diskutert overalt. Vi er bare én million estere foruten en halv million russere, så dette er bemerkelsesverdig. Norsk litteratur er godt representert hos oss, alle de viktigste verkene har vi oversatt. At estisk litteratur også har blitt oversatt til norsk, skyldes Turid Far-

bregd. I en tid da vi følte oss glemt, hadde det stor betydning.

Toomas Help avslører inngående kjennskap til norsk litteratur og historie, forteller at vi i 60 år ble styrt av danske konger på slutten av 1500-tallet da begge land lå under Danmark. I århundrer har det vært handelsforbindelser over Østersjøen, og før 1. verdenskrig var, mange estiske kunstnere i Norge, bl.a. har Munch influert estisk kunst. Helps kunnskaper om Norden er store, men så er han også konsulent for Norden ved Det estiske institutt i Tallin, foruten å være universitetslærer i estisk.

På sitt Norges-besøk har Help fått helhjertet støtte fra Foreningen Norden. De er også pådrivere for det nordiske gymnas og har hjulpet med andre konkrete prosjekter han har arbeidet med. Det dreier seg om mulighet for friplasser for estisk ungdom i våre folkehøgskoler, og arbeid med å innlemme estisk ungdom i Nord-jobb-ordningen.

– Den nytte estiske unge kunne få gjennom arbeidserfaring i Norden, vil kunne komme hele Estland til gode. Jeg har også arbeidet for å få opprette et norsk-lektorat ved universitetet i Tartu, et gammelt senter for nordiske studier. Kanskje kan Estland bli et møtested mellom øst og vest i fremtiden, avslutter Toomas Help.

- - - - - Klipp fra og send inn - - - - -

Til Norsk-estisk kulturlag, Ural-altaisk avdeling,
Postboks 1030 Blindern, 0315 Oslo 3. Postgiro 0823 0985414.

Jeg vet at Norsk-estisk kulturlag arbeider for å spre kjenskap til estisk språk, kultur og andre forhold, og for å styrke vennskapet og bygge ut kontaktene mellom det norske og det estiske folket. Jeg er klar over at det er en forening som ikke lover medlemmene personlige fordeler, men som tvert om ønsker medlemmer som er villige til å yte noe til beste for foreningen og dens formål. Jeg melder meg som støttemedlem / som aktivt medlem og betaler medlemspengene (kr 100 for 1991). På grunnlag av de opplysningene jeg gir om meg selv, kan kanskje foreningen finne et felt der jeg også kan bidra med annen hjelp.

Jeg er født år 19.... Utdannelse:
Yrkeserfaring:
Interesser, hobbyer:
Navn: Yrkestittel:
Adresse:
Telefon:
Dato: Underskrift:

For eit par år sidan byrja det å bli utgitt meiningsmålingar i Estland som viste kva for politikarar som var mest populære. Nummer ein har heile tida vore president Arnold Rüütel. Han var tidlegare rektor på landbrukshøgskulen i Tartu og ser arbeidet til Norsk-estisk kulturlag som viktig når me prøver å hjelpe estisk ungdom til å få utdanning i Noreg.

Eit program i finsk fjernsyn 25.9. om **ureininga** i Estland fortalde at Sovjet har 50 militære område i landet. Dei omfatter 90.000 hektar, og desse områda er stygt medfarne. Heile Estland er på vel 45.000 kvadratkilometer (Danmark drygt 43.000).

Trivimi Velliste som heilt frå starten av har vore i leiinga for Fornminneselskapet (Muinsuskaitse selts) var i 1989 i Bergen og tok imot Thorolf Raftos pris som blir gitt til personar som har gjort ein innsats for freden og menneskerettane. Ein tilsvarande dansk pris (Paul Lauritzens pris) er 1990 gitt til den estiske språkforskaren **Mati Hint** for innsatsen til beste for frigjeringa av Estland. Mati Hint gjekk tidleg ut med protestar mot den sterke russifiseringa i Baltikum. Den same prisen vart også gitt til latviaren Peter Lazda og litauaren Gintautas Iesmantas.

I september var det i Tallinn tevling i **blomsterdekorasjon** og førstepremien gjekk til nordmannen **Nils Iversen**. Han figurerte på førstesida av bladet Kodumaa 12.9. Ei internasjonal tevling i blomsterdekorasjon blir arrangert kvart år i Tallinn.

VENNSKAP OG STØTTE. Under overskrifta **Norra toetab Baltikumi** (Noreg støttar Estland) fortel **Eesti päevaleht** 28. september om dei mange foreningane som no er verksame i Noreg. Dei har også fått med nokre ord om Foreninga Norden. Eesti päevaleht (Estisk dagblad) blir utgitt på estisk i Sverige to gonger i veka.

I Sverige vart det hausten skipa ei **Svensk-estisk** vennskapsforening. Birgit Friggebo vart vald til formann, men elles er det både svenskar og sverige-estiar i foreninga. Norsk-estisk kulturlag sende ei helsing til skipingsmøtet. Ein kan vel seia at det var på høg tid at ei slik forening vart skipa i Sverige, og me vonar å kunna samarbeida med dei om estiske saker som har tilknytning både til Noreg og Sverige.

HENRIK IBSEN held seg på repertoaret til estiske teater. Den svenske regissøren Jan Håkanson frå Stadsteatern i Stockholm har gjort avtale med Dramateatret i Tallinn om iscenesetjinga av **Rosmersholm** i 1991. Det tradisjonsrike Vainemuine teater i Tartu hadde 14. oktober premiere på **Villanden** (estisk Metspart) i regi av Jaan Tooming. Forestillinga varer fire timar pausen medrekna. Ein omtale skriven av kritikaren Ülo Tonts hadde fått meir enn ei halv side i bladet Reede 2.11.90.

HALLDIS MOREN VESAAS gav i haust ut ei bok med tittelen **Vandre med vers**. Der siterer ho dikt ho er glad i og fortel laust og fast omkring dikta. Gledelig er det at ho har rekna Estland til Norden og siterer **Jaan Kaplinski**. Boka hans, **Same hav i oss alle** kom ut på norsk 1989, og gjendiktaren vart lønna med omsetjarprisen.

JAAN KROSS har fått endå ein pris for romanen **Keisarens galning**. Denne gongen var det Prix Amnesty Litterature La Flamme d'Or, som blir utdelt kvart tredje år.

LITTERATUR.

Me får heile tida nye medlemmer, og dei gamle gløymer kanskje eitt og anna. Derfor sender me på nytt ut den lista over litteratur om Estland som stod trykt i boka til **Andres Küng - Estland vaknar**, 1989. Me gjer nokre norske og/eller nye tillegg.

Tidsskriftet **Nordisk Østforum** nr. 2, 1990 hadde ein artikkel av Erik A. Andersen om "De baltiske landes selvstændighed" der forfattere drøftar dei politiske og økonomiske sidene ved ei lausriving frå Sovjet. Nummer 4, 1990 av same tidsskriftet har ein oversiktleg og god artikkel av kulturlagsmedlem **Gro Holm** med overskrifta "Uavhengighet for de baltiske republikkene". Nordisk Østforum blir utgitt av Universitetsforlaget, Boks 2959 Tøyen, 0608 Oslo 6. Tidsskriftet publiserer artiklar om kulturliv og samfunnsliv i Sovjetunionen og Aust-Europa både for eit breiare publikum og for fagfolk.

Ei gammal bok:

Det er ofte klaga over at ingenting er skrive om Baltikum på norsk språk. Då gløymer folk at Terje Baalsrud alt i 1979 gav ut **Førti år i lenker. Historien om randstatene**. Denne boka kom på NÅ forlag, og ho kan svært godt lesast også i våre dagar om det går an å få tak i henne. All ære til kulturlagsmedlem Terje Baalsrud som i mange år har stått på for Baltikum.

Estisk skjønnlitteratur på norsk:

- 1) Varulven og andre estlandske eventyr. Norsk Barneblads Forlag 1982.
 - 2) Jaan Kross: Keisarens galning. Gyldendal 1986.
 - 3) Mati Unt: Haustdansen. Det Norske Samlaget 1988.
 - 4) Viivi Luik: Den sjuande fredsvåren. Det Norske Samlaget 1988.
 - 5) Jaan Kaplinski: Same hav i oss alle. Gyldendal 1988.
 - 6) Priit Pärn: Tvertom-Tom. Gyldendal 1989.
 - 7) Snelys snemørke. Dreyer 1989.
- Temanummer av Vinduet (nr. 4, 1983), Dyade (nr. 6, 1987) og Nordnorsk magasin (nr. 3-4, 1989)

Nye bøker:

Andres Küng: I svenska fotspår. Människor och miljöer i Estlands svenskbygder. Timbro Förlag, Stockholm 1990. Pris SEK 197,-.

Andres Küng: Tallinn. En personlig vägvisare. Sellin & Blomqvist, Stockholm 1990.

Ülo Ignats, Niklavs Lapukins og Lars Lundberg: Baltikum på väg mot självständighet. MH Publishing 1990. Pris SEK 120,-.

Alf Prøysen: Teelusikaeideke läheb marjule. SEK 70,-. Dette er gamle gode Teskjejerringa på estisk! Omsett av K. Saare, illustrert av Björn Berg og utgitt på Kalmaru-Förlag i Sverige.

Den beste læreboka i estisk er framleis Arthur Haman: Lærebok i estniska. Bokförlaget Medborgarskolan, Uppsala i opptrykk frå 1977 (eller eventuelt seinare). Som ei første ordbok kan ein tenkja seg Ants Oras og Edvin Lagman: Estnisk-svensk ordbok utgitt av Svensk-estniska Läroboksfonden, Uppsala 1977. Det finst også ordbøker m.a. frå estisk til engelsk.

Frå Andres Küng: Estland vaknar

Kommenterade litteraturtips på svenska:

Balodis, Agnis, "Sovjets och Nazitysklands uppgörelse om de baltiska staterna", Lettiska Nationella Fonden, Sthlm 1978.

"De första båtflyktingarna", Statens Invandrarverk, Norrköping 1985. Ambitiös antologi om balterna i Sverige med bidrag också om utvecklingen på andra sidan Östersjön.

"Det nya Estland — dess land, folk och kultur", Sthlm 1928. Bidrag av bemärkta ester. Ekholm, Curt, "Balt- och tyskutlämningen", Studia Historica Upsaliensia 136, Uppsala 1984, distribution: Almqvist & Wiksell International. Doktorsavhandling i två delar om sammanlagt ca 660 sidor, som i förbigående även strimlar Per Olov Enquists prisbelönade "dokumentärroman" som källa till historisk kunskap.

Freivalds, Osvalds, "De internerade balternas tragedi i Sverige år 1945—46", Daugavas Vanagi, Sthlm 1968. Far till nuvarande justitieministern.

— "Sverige och de baltiska staternas ockupation" Lettiska Nationella Fonden, Sthlm 1971.

Gustafsson, Sture/Kindlund, Ingelej, "Tallinn, Moskva", Generalstabens Litografiska Anstalt, Trelleborg 1980. Reseguide som jämför dåvarande sovjetisk samt västerländsk (och exilbaltisk) historieskrivning på ett sätt som får dagens estniska historiker att hoppas att de aldrig själva ska gripas av sådan självcensur.

"Ha de rätt att leva?", Baltiska kommittén, Sthlm 1943. Bidrag från en rad svenska "baltvänner".

Handledning för turister till Estland, Esternas Representation i Sverige, Sthlm 1979. Exilestnisk resguide som — till skillnad från Gustafsson ovan — också tar upp problem och missförhållanden.

Horm, Arvo, "Estland fritt och ockuperat", Tiden, Sthlm 1944. I många år byråchef hos Baltiska kommittén.

Ignats, Ülo, "Estland mot en ny vår", Ordfront, Sthlm 1981. Journalist vid Estniska Dagbladet och ordförande för Östeuropeiska solidaritetskommittén.

— "Den sjungande revolutionen", MH Publishing, Göteborg 1989. Kommenterad kronologi över utvecklingen i Estland under Gorbatsjovs tid.

Johansson, Gustav, "Resa i Baltikum", Arbetarkultur, Sthlm 1940. Broschyr av Ny Dags dåvarande chefredaktör, som ansluter sig till den värsta stalinistiska historieskrivningen.

Kalnins, Bruno, "De baltiska staternas frihetskamp", Tiden, Sthlm 1950. En av grundarna av det självständiga Lettland, i svensk landsflykt statsvetare och ledare för de lettiska socialdemokraterna.

Klauson, Viktor, "År av skapande", Periodika, Tallinn, Sthlm 1977. Sovjetisk syn under "stagnationsåren".

Kriisa, Agu, "Estland ockuperat & koloniserat", Estniska Frihetsförbundet, Sthlm 1984. Bygger på studier av sovjetiska källor och personliga samtal med människor från Estland.

Küng, Andres, "Estland — en studie i imperialism", Aldus/Bonniers, Sthlm 1971. Skriven efter de båda första besöken sommaren innan.

— "Vad händer i Baltikum?", Aldus/Bonniers, Sthlm 1973.

— "En dröm om frihet. Om passivt motstånd i dagens Baltikum", Libris, Örebro 1978.

— (red), "Protest från Baltikum", Oktoberförlaget, Sthlm 1979. Dokument-samling.

— "Sådan är socialismen", Timbro, Sthlm 1982. Om myt och verklighet i bl a Sovjet.

— "Vindens barn. Om medlöperi förr och nu", Timbro, Sthlm 1983. Bland annat om besökare i Baltikum.

— "Baltikum lever!", Timbro, Sthlm 1984. Anpassad för studiecirklar och försedd med dokumentbilagor.

Landsmanis, Arturs, "De misstolkade legionärerna", Lettiska Nationella Fonden, Sthlm 1970. Exilbaltiskt svar på Per Olov Enquists litterärt lysande men historiskt svaga "dokumentärroman" om baltutlämningen.

Munthe, Curt, "Estland och Lettland", Uppsala 1938. Resehandbok.

Müürisepp, Aleksej, "Estland idag och i morgon", Arbetarkultur, Sthlm 1959. F d ordförande för Estlands ministerråd.

Nerman, Birger, "Balticum skall leva", Natur och kultur, Sthlm 1956. Samlade artiklar och tal av Baltiska Kommitténs ordförande under många år.

Oras, Ants, "Slagskugga över Baltikum", Natur och Kultur, Sthlm 1949. Ögonvittnesskildring av de sovjetryska respektive nazityska ockupationerna av sedermera professor i engelsk litteratur vid Floridauniversitetet.

Pekomäe, Vello, "Estland genom tiderna", Välis-Eesti & EMP, Sthlm 1986. Exilestnisk journalist, vars bok bl a innehåller unikt bildmaterial från svunna tider.

Rydelius, Ellen, "Finland, Estland och Lettland på 3 x 8 dagar", Bonniers, Sthlm 1938. Resehandbok.

Skans, Gunnar, "Semester i Estland", Sthlm 1939. Resehandbok.

Uibopuu, Valev, "Finnougrerna och deras språk", Studentlitteratur, Lund 1988. Framstående romanförfattare och språkvetare om esternas och en rad andra finsk-ugriska folks språk och historia.

Uustalu, Evald, "Republiken Estland 1918 — 1940", Lund 1970. Sammandrag av mer omfattande verk på estniska.

Wieselgren, Per, "Från hammaren till hakkorset. Estland 1939—41", Sthlm 1942. Professor i Tartu under mellankrigstiden, därefter i Lund.

Wikberg, Sven, "Estland — intryck och studier", Gebers, Sthlm 1930.

Välme, Rein/Gustafson, Sture, "Estland", Proprius, Sthlm 1976. Bildbok med intressanta fakta och fina foton av estniskt vardagsliv.

Zalcmanis, Janis, "Baltutlämningen 1946 i dokument", Militärhistoriska förlaget, Sthlm 1983.

DEN ESTISKE KRONA let venta på seg. Ho var varsla til jul 1989, men no vågar ingen lenger seia eit nøyaktig tidspunkt då landet skal ta i bruk eigen valuta. Visstnok er pengane i alle fall trykte. Likeins er det planar om eigne frimerke - det seier seg sjølv. Ei tevling om utforming av frimerka vart utlyst alt i mai i fjor og vart vunnen av ein sverige-estar. Men kva tid kan estarane ta i bruk kronene og frimerka???

ESTISK FJERNSYN har vore sjølvstendig sidan 1. oktober 1990.

ESTISK POLITI blir no utdanna for å ta over etter militsen 1. mars 1991. Politiet skal vera underlagd innanriksdepartementet i Estland, men for å oppnå dette, har Estland måtta gå med på visse former for samarbeid med Sovjet i politisaker. I avtalen heiter det jamvel at estisk politi skal kunna nyttast i andre sovjetrepublikkar for å ta seg av masse-uro.

SYKLAR DU? Det er Torodd Lybeck frå Fagernes som spør om dette. Han har lagt planar for ein sykkelturné frå Tallinn, gjennom Riga, Vilnius, Kaunas og Kaliningrad til Gdansk i Polen. Samla pris vil bli 4000 kroner per person (om dei blir minst fem). Dette inkluderer 8 overnattningar og mat alle dagar, pluss ein følgebil for å ordna det praktiske i samband med mat, overnatting o.a. Strekinga er på 1130 km, og det er rekna i dagsetappar på ca. 16 mil i gjennomsnitt. Sju dagar på sykkel, tre kviledagar og 2-3 reisedagar, totalt 12-13 dagar frå ca. 5. juli 1991. Racer eller treningsracer med lett pakning, men roleg tempo. Pris for reisa kjem i tillegg. Interesserte kan venda seg til Torodd Lybeck, Kvitvællavegen 12, 2900 Fagernes, tlf. 063-60791.

Og skulle me svara på vegner av medlemmene, ville me seia: Ja, eg sykklar. Særleg gjer Asbjørn Windstad frå Aukra det. Og ikkje berre sykklar han sjølv. Han har også henta mange estiske syklistar til Noreg. Dette inspirerer sikkert Isak Rogde til å hiva seg på sykkel og starta ei mektig kraftoverføring til pedalane. Har me endå fleire syklistar?

KALENDEREN i Estland er revidert. Det vil seia at dei sovjetiske fridagane og festdagane er erstatta med estiske merkedagar og kyrkjelege høgtider. Såleis skal ikkje den russiske revolusjonen bety noko på kalenderen. Derimot blir 24. februar markert, det er den estiske syttandemai til minne om at Estland den dagen erklærte sjølvstendighet sitt i 1918. På line med vestlege land vil estarane halda fast ved første mai som fridag.

TALLINN - namnet på den estiske hovudstaden - blir i Noreg ofte skammeleg mishandla både i skrift og uttale. Denne skrivemåten er den rette. Å skriva det med berre ein n er russisk påverknad og ei fornærming mot estarane. (At namnet eigenleg tyder "den danske borga", har dei måtta finna seg i; det er eit resultat av gammal imperialism.) Og namnet skal uttalast med trykket på første staving, som er det normale i alle estiske ord - likeins som i norske ord. Så får du heller kviskra avslutninga til dess du har lært kva som skal ha vekt: TAL-linn.

DET ER SÅ MANGE EIN HAR LYST TIL Å TAKKA. Og inga lov seier at takka må koma til slutt. Likevel blir det slik denne gongen også.

Me takkar ekteparet Kahrs i Oslo som alltid stiller opp når me treng dei. I året som gjekk hadde dei 139 estiske overnattingar i den gjestfrie heimen sin.

Me takkar dei folkehøgskulane, Seljord (2), Toten og Toneheim, som har gitt friplassar til estiske elevar.

Me takkar Vesla Gundersen på Seljord og familien Mordal i Brummunddal som har stilt opp som kontaktfamiliar for estiske elevar.

Me takkar Norsk omsetjarforening som inviterte Elvi Lumet og Hilve Rebane til haustseminaret på Hankø.

Me takkar Liv Florelius, Karl Kåbar og Marjatta Beck for hjelpa dei gav Elvi Lumet og Hilve Rebane slik at desse to mellom anna fekk oppleve Bjerkebæk, Sigrid Undsets heim på Lillehammer.

Takk også til alle dykk andre også for alt de gjer for Estland. Sanneleg trengst det!

NESTE UTSENDING ser ut til å måtte koma i mars om det skal skje fire veker før årsmøtet 11. april.

Det er skrivaren, Turid Farbregd, som har sett saman desse sidene med ymse slag meldingar. Har eg gløymt noko? Sikkert nok. Og mykje har ikkje kome med rett og slett fordi alt skal ein ende på. Reaksjonar på redigering, innlegg, kommentarar, opplysningar osb. er velkomne.

Helsingfors, 10.1.91

Turid Farbregd

ADRESSER TIL STYRET:

Leiar:	Per Martin Tvengsberg, tlf. 065 - 23 468 Østre Disen 2300 Hamar
Nestleiar:	Enel Melberg, tlf. 02 - 44 48 98 Prof. Harbitzgate 19 0259 Oslo 2
Skrivar:	Turid Farbregd, tlf. (095-358-0-) 477 1 488 Granvågen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors
Kasserar:	Tuula Eskeland, tlf. 02 - 45 67 82 /14 52 88 Ural-altaisk avdeling Postboks 1030 Blindern 0315 Oslo 3
Styremedlem:	Heidi Løvlund, tlf. 03 - 95 33 03 3800 Bø i Telemark